



Rundtur Tippaskogen

8 km

2 t

Tur nr. 1

Tur på grus- og skogsveg i slakt skogs- og fjellbeitelandskap langs delar av den verna Trondhjemske Postveg. Gamal steinbrua over Ljosurelva, merkesteinar langs postvegen og gamle setervollar gjev turen eit kulturhistorisk tilsnitt.

Stikryss

Harpefossen/Tippabrua-Tippasetra-Nakkesetra-Brekkefoten-Sevlandsetra-Bjørhovdesetra-Ljosurbrua-Mørsynnøvebakken-Naustdalssetra-Harpefossen Hyttegrend – Harpefossen/Tippabrua

Turbeskriving

Turen startar frå parkeringsplassen ved Tippabrua like nedanfor Harpefossen Skisenter. Følg skilting på Postvegen austover mot Brekka. Den gamle Trondhjemske postveg er ein freda grusveg som snor seg fram over gamle kvelvingsbruer i idyllisk setremiljø gjennom heile Hjelmelandsdalen over til Bjørkedalen på Sunnmøre. Om vinteren er vegen skiløype heile vegen til Brekka. Fyrste del av turen er på asfaltveg, langs ein ny stor parkeringsplass nedanfor hyttefeltet, i enden av denne over ein ferist. Herifrå fylgjer ein Postvegen forbi Naustdalsetra (600 meter), Mørsynnøvebakken (1,3 km), Ljosurbrua (2,2 km), Bjørhovdesetra (2,9 km) og Sevlandsetra (3,5 km), til foten av Brekka (3,8 km). Her tek ein av Postvegen inn til høgre på ein nylig opparbeida skogsveg med meir ujamnt underlag. Den svingar mot sør, går opp ein bratt bakke og kjem att på enden av skogsbilvegen innerst i Tippaskogen (5 km). Frå Tippaskogvegen kan ein orientera seg greitt mot skiheisane og hyttefeltet på andre sida av dalen. Ein følgjer Tippaskogvegen heilt til ein kjem til bommen ved Nakkesetra. Heretter går vegen over Kvanndalselva på Tippaskogbrua. Like etter brua svingar hovudvegen til høgre, men ein kan også velje å gå den smale gamle setervegen rett fram over Tippasetra. Uansett kva veg ein veljar, har ein god utsikt mot utgangspunktet på Harpefossen og p-plassen ved elva. Dette er ein flott tur både til fots, med sykkel eller på hesteryggen. Om vinteren er dette ein flott skitur for heile familien.

